



Arkivsak-dok. 20/03903-17
Saksbehandler Alexander Kenneth Connor

Utval
Planutvalet

Møtedato

Utvalsak

Urdelva kraftverk - avgrensa høyring om bygging av Urdelva kraftverk- uttale Vestnes kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Vestnes kommune meiner at det ligg føre tilstrekkeleg grunnlag for at NVE kan gi konsesjon til bygging av Urdelva kraftverk, under føresetnad av at det vert sett strenge miljøvilkår for å sikre naturmangfald, vassmiljø og anadrom fisk. Vestnes kommune ^v/Vestnes kommune legg følgjande moment til grunn for si tilråding:

Avbøtande tiltak

1. Minstevassføring

Vestnes kommune tilrår at det vert stilt krav om minstevassføring som minst svarar til omsøkt nivå. Ein ber samstundes NVE vurdere om det er grunnlag for høgare minstevassføring i biologisk viktige periodar for anadrom fisk, jf. bestandsutviklinga for laks og sjøaure.

2. Adaptivt vassføringsregime

Vestnes kommune ber NVE vurdere etablering av eit adaptivt vassføringsregime der minstevassføringa kan justerast dersom miljøoppfølging dokumenterer reduksjon i gyteaktivitet, ungfisktettleik eller andre indikatorar på svekka habitatkvalitet for sjøaure og laks.

3. Omløpsventil

Vestnes kommune tilrår at det vert stilt krav om installasjon av omløpsventil med tilstrekkeleg kapasitet til å hindre brå vassstandsreduksjon og stranding av fisk ved driftsstans eller andre uventa driftsforhold.

4. Ivaretaking av kantvegetasjon

Vestnes kommune krev at kantvegetasjon langs Urdelva vert teken vare på, og at inngrep vert avgrensa fysisk i terrenget før anleggsstart.

5. Vern av naturtypelokalitetar og område med særlege naturverdiar

Vestnes kommune tilrår at registrerte naturtypelokalitetar og område med særleg verdi for raudlisteartar vert merkte i felt før anleggsarbeid startar. Vestnes kommune meiner vidare at det ikkje skal etablerast massedeponi, riggområde eller mellombelse køyrespor i slike område.

6. Revegetering og restaurering

Vestnes kommune krev at det vert stilt krav om restaurering og revegetering av alle mellombelse inngrepsområde med stadeigne massar og vegetasjon så snart som praktisk mogleg etter avslutta anleggsarbeid.

7. Landskapstilpassing

Vestnes kommune tilrår at det vert utarbeidd detaljplan for inntaksområdet med mål om å redusere synlege terrenginngrep og sikre best mogleg landskapstilpassing. Vestnes kommune meiner ein slik plan bør godkjennast av NVE før anleggsstart.

Miljøoppfølging

8. Miljøoppfølgingsprogram

Vestnes kommune meiner det bør stillast krav om utarbeiding av eit samla miljøoppfølgingsprogram før anleggsstart. Programmet bør godkjennast av NVE og omfatte:

- sjøaure og laks
- registrering av gyteaktivitet
- overvaking av ungfiskbestand ved standardiserte elfiskeundersøkingar
- vurdering av habitatforhold
- botndyr
- vassføring
- kantvegetasjon
- registrerte naturtypar

Vestnes kommune meiner resultata bør rapporterast til NVE og nyttast som grunnlag for vurdering av behov for ytterlegare avbøtande tiltak eller justering av vassføringsregimet dersom det vert dokumentert negative effektar på fiskebestandane eller deira leveområde.

Vilkår for anleggsfasen

9. Tidsavgrensing av arbeid i vassdraget

Vestnes kommune tilrår at anleggsarbeid i eller nær vassdraget ikkje vert gjennomført i gyte-, klekke- eller tidleg oppvekstperiode for anadrom fisk, med mindre anna vert godkjent av relevant fagmynde.

10. Massedeponi og riggområde

Vestnes kommune krev at massedeponi, riggområde og mellombelse anleggsområde vert lokaliserte utanfor kantsoner, registrerte naturtypelokalitetar og andre område med særleg verdi for biologisk mangfald. Endeleg plassering bør avklarast gjennom detaljplanlegging før anleggsstart.

Omsyn til hekkande artar

Vestnes kommune krev at det vert teke særskilt omsyn til eventuelle hekkande sensitive fugleartar innan influensområdet. Dersom aktiv hekking vert påvist, bør anleggsarbeid tilpassast etter råd frå relevant fagmynde.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Norges vassdrags- og energidirektorat har sendt søknad om bygging av Urdelva kraftverk i Vestnes kommune på høyring.

Tiltakshavar er Locus Hydro Prosjekt AS. Søknaden gjeld etablering av eit elvekraftverk i Urdelva med inntak på kote 415 moh. og kraftstasjon på kote 35 moh. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 4,5 MW og estimert årsproduksjon på om lag 12,5 GWh.

Urdelva er eit sidevassdrag til Tressavassdraget og renn saman med Dalselva før utløp i Tressa. Tiltaket omfattar etablering av inntak, vassveg, kraftstasjon og nettilknytning. Om lag to kilometer av elvestrekninga vil få redusert vassføring som følgje av kraftutbygginga.

NVE avslo den opphavlege konsesjonssøknaden for søknad om å byggje Urdelva kraftverk i 2018. Etter førre høyring i 2024 har søkjar endra prosjektet for å ta omsyn til innspel som kom fram i fråsegnene. Mellom anna er røyrtraseen er flytta frå vestsida til austsida av elva, delar av vassvegen er lagt i sjakt og retningsbora tunnel, og kraftstasjonen er flytta slik at konfliktane med registrerte naturverdiar og anadrom strekning er reduserte samanlikna med tidlegare løysing.

Kommunen hadde saka ute på høyring i perioden 12.05.- 08.06.2026.

Vurdering

Etter ei samla vurdering er kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg til å uttale seg i saka, jf. naturmangfaldlova § 8. Det ligg føre konsekvensutgreiing for naturmangfald, fiskebiologiske undersøkingar og vurderingar frå relevante fagstyresmakter. Konsekvensutgreiinga viser at den reviderte løysinga gir lågare konfliktgrad enn tidlegare alternativ, særleg knytt til edellauvskog og anadrom fisk.

Ein registrerer likevel at det framleis ligg føre noko usikkerheit knytt til dei langsiktige verknadene av redusert vassføring på vassdragsmiljøet. Særleg gjeld dette spørsmålet om den omsøkte minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta dei økologiske funksjonane knytte til anadrom fisk i Urdelva.

Det går fram av søknaden at det er foreslått ei minstevassføring på 77 l/s i sommarhalvåret og 33 l/s i vinterhalvåret. Dette svarar i hovudsak til berekna 5-persentil for vassdraget og ligg innanfor det som ofte vert nytta ved tilsvarande småkraftutbyggingar.

Det blir registrert samstundes at minstevassføringa i hovudsak er fastsett på grunnlag av hydrologiske berekningar. Det ligg ikkje føre eigne habitatanalysar eller tilsvarande undersøkingar som dokumenterer korleis ulike vassføringsnivå vil påverke gyteområde, oppvekstområde, vassdekt areal eller produksjonspotensial for sjøaure og laks i Urdelva. Derfor kan ein ikkje sjå at det er dokumentert at den omsøkte minstevassføringa fullt ut vil ivareta dei biologiske behova til anadrom fisk gjennom heile året.

Det blir understreka at dette ikkje nødvendigvis inneber at den omsøkte minstevassføringa er utilstrekkeleg. Etter ei samla vurdering er det likevel heller ikkje dokumentert at den er tilstrekkeleg. Det ligg dermed føre ei viss usikkerheit knytt til dei langsiktige konsekvensane for fiskebestandane og dei økologiske funksjonane i vassdraget.

Kommunedirektøren (KD) legg vidare vekt på at både nasjonale og regionale fagmiljø over fleire år har peika på ei utfordrande utvikling for mange sjøaurebestandar. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning har vist til at bestandane i mange område er påverka av fleire samtidige belastningar, mellom anna lakselus, endringar i habitatkvalitet, fysiske inngrep i vassdrag og andre menneskeskapte påverknader. Etter KD si vurdering understrekar dette betydninga av å ta vare på dei ferskvasshabitata og økologiske funksjonane som kommunen faktisk har moglegheit til å påverke gjennom behandling av denne saka.

Sjølv om det ikkje ligg føre dokumentasjon som tilseier at den omsøkte minstevassføringa er utilstrekkeleg, meiner KD at den generelle kunnskapen om sjøaurebestandar og betydninga av gode gyte- og oppvekstområde tilseier at det bør stillast krav om ei føre-var-basert oppfølging av fiskebestandane i Urdelva. Dette talar for at ein eventuell konsesjon bør innehalde krav om biologisk overvaking, evaluering av habitatforhold og moglegheit for justering av minstevassføringa dersom undersøkingar i driftsfasen dokumenterer negative effektar på fiskebestandane eller deira leveområde.

Det er likevel vurdert at denne usikkerheita ikkje er av ein slik karakter at ho åleine tilseier avslag på søknaden. I tråd med føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 meiner KD derimot at usikkerheita bør møtast gjennom bindande og etterprøvbare konsesjonsvilkår. NVE bør derfor vurdere krav om biologisk oppfølging av fiskebestandane etter drift, samt opne for justering av minstevassføringa dersom overvaking dokumenterer større negative effektar enn det som er lagt til grunn i søknaden og konsekvensutgreiinga.

Det blir vidare lagt vekt på at Urdelva inngår i vassførekomsten Dalselva – Tressa bekkefelt (102-101-R). Etter vassforskrifta skal tiltak ikkje medføre forringing av miljøtilstanden i vassførekomsten eller gjere det vanskelegare å nå fastsette miljømål. Ei samla vurdering understrekar dette behovet for at ein eventuell konsesjon vert følgd av tilstrekkelege miljøvilkår og miljøoppfølging slik at påverknaden på vassmiljøet vert halde på eit minimum og fastsette miljømål etter vassforskrifta kan oppretthaldast.

Tiltaket er vidare vurdert etter naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Vestnes kommune har fleire vassdrag som alt er påverka av småkraftutbygging, vegbygging, kulverter, flaum- og erosjonssikring og landbrukstiltak. Urdelva må difor ikkje vurderast isolert. Samstundes blir det lagt vekt på at den omsøkte løysinga er vesentleg betre tilpassa naturverdiane enn tidlegare alternativ. Under føresetnad av strenge miljøvilkår blir den samla belastninga ikkje vurdert å vere tilstrekkeleg tungtvegande til å rå frå konsesjon i denne saka.

Det blir vidare lagt vekt på at fleire vassdrag i Vestnes kommune gjennom dei siste tiåra har vore gjenstand for kraftutbygging og andre tekniske inngrep. Sjølv om den enkelte utbygginga isolert sett kan ha avgrensa konsekvensar, kan den samla effekten av fleire inngrep over tid føre til gradvis reduksjon av naturlege vassdragsmiljø og færre attverande vassdrag med liten grad av teknisk påverknad. Dette understrekar etter kommunedirektøren si vurdering behovet for at framtidige inngrep blir vurderte i lys av den samla utviklinga i kommunen sine vassdrag og den aktuelle vassførekomsten, og ikkje berre ut frå konsekvensane av det einskilde tiltaket. Samtidig må den samla belastninga vurderast konkret i kvar enkelt sak, med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og den miljøtilstanden som ligg føre på vedtakstidspunktet.

Kommunedirektøren understrekar betydninga av å avgrense dei miljømessige konsekvensane av nye tiltak så langt som mogleg. Særleg gjeld dette forhold som påverkar vassdragsmiljøet over tid, herunder vassføring, kantvegetasjon, habitatkvalitet og økologiske funksjonar knytte til anadrom fisk.

Det blir lagt til grunn at ikkje at dette forholdet åleine gir grunnlag for å rå frå konsesjon. Det er likevel eit moment som talar for at ein eventuell konsesjon bør innehalde tydelege miljøvilkår og ei tett oppfølging av dei naturverdiane som framleis er knytte til Urdelva.

Tiltaket er òg vurdert opp mot Kommunedelplan for naturmangfald 2025–2037. Planen legg til grunn at naturmangfaldet skal takast vare på gjennom kunnskapsbasert og berekraftig forvaltning, og at tap av natur skal stansast så langt som mogleg. Vidare peikar planen på at arealendringar og tekniske inngrep er blant dei viktigaste påverknadsfaktorane for naturmangfaldet i kommunen. Etter ei samla vurdering kjem tiltaket i konflikt med enkelte av desse omsyna ved at vassdraget vert påverka gjennom redusert vassføring og tekniske inngrep.

Samstundes legg KD vekt på at den reviderte utbyggingsløyisinga er vesentleg betre tilpassa naturverdiane enn tidlegare alternativ, og at konfliktgraden er redusert gjennom val av trase, tunnel-/sjaktløyisingar og plassering av kraftstasjon. Under føresetnad av strenge miljøvilkår, overvaking og moglegheit for justering av drifta dersom uventa miljøeffektar oppstår, meiner KD at tiltaket kan gjennomførast utan å kome i vesentleg konflikt med målsettingane i kommunedelplanen for naturmangfald.

Tiltaket er òg vurdert opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen legg opp til berekraftig utvikling, ansvarleg forvaltning av naturgrunnlaget, lokal verdiskaping og klimavenlege løysingar. Etter Kommunedirektøren si vurdering kan prosjektet vere i samsvar med desse målsettingane dersom natur- og miljøomsyna vert sikra gjennom konsesjonsvilkåra.

Samla vurdering

Den reviderte søknaden representerer etter kommunedirektøren si vurdering ei vesentleg forbetring samanlikna med den løysinga som tidlegare vart avslått. Konfliktane med naturmangfald, landskap og anadrom fisk er reduserte, og det ligg ikkje føre opplysningar som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptable konsekvensar for naturmangfaldet.

Det ligg framleis føre noko usikkerheit knytt til dei langsiktige verknadene av redusert vassføring, særleg for sjøaure og laks. Denne usikkerheita blir likevel ikkje vurdert å vere av ein slik karakter at ho åleine tilseier avslag på søknaden. Kommunedirektøren meiner i staden at usikkerheita bør handterast gjennom tydelege, målbare og etterprøvbare konsesjonsvilkår, kombinert med miljøoppfølging og moglegheit for justering av minstevassføringa dersom overvaking dokumenterer større negative effektar enn føresett.

Kommunedirektøren si vurdering byggjer på ei klar føresetnad om at dei miljøvilkåra som er skisserte i denne uttalen vert innarbeidde i ein eventuell konsesjon. Utan slike vilkår meiner kommunen at tiltaket ikkje er tilstrekkeleg avbøtt.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at den reviderte løysinga, saman med dei føresette konsesjonsvilkåra, gir eit tilstrekkeleg grunnlag for at omsynet til naturmangfald, vassmiljø og anadrom fisk kan ivaretakast. På dette grunnlaget meiner kommunen at det ligg føre tilstrekkeleg grunnlag for at NVE kan gi konsesjon til tiltaket.

Vedlegg

6031120_1_1

Konsesjonssøknad

Konsekvensutrdning for naturmangfold_2025

Fiskebiologiske undersøkelser_rapport

Særutskrift: